



Nofima AS

Dato: 29.09.2014
Vår ref.: 2014/20596-5
Sakshandsamar: Vibeke Lokøy
Telefon: 55 23 91 45

H-R-19 og H-R-20 Nofima AS - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure til forskingsføremål på lokalitet 11738 Otterholmen i Radøy kommune

Vi syner til Dykkar søknad av 26.08.2014.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gir med dette Nofima AS, org. nr. 989 278 835, akvakulturløyve med reg. nr. H-R-19 og H-R-20 løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) til forskingsføremål i sjø på følgjande lokalitet i Radøy kommune i Hordaland fylke:

Nr	Lokalitet	Kommune	Lokalitets-biomasse	Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84	Samlokalisering
11738	Otterholmen	Radøy	3600 tonn	60° 41.216' N 4° 54.476' E	H-L-19, H-ML-1, H-R-4, H-R-8, H-R-11, H-R-19 og H-R-20

Anlegget er godkjent med følgjande hjørnepunkter-kartreferanser oppgjeve i Euref-89/WGS84					
1	2	3	4	5	6
60° 41.328' N 4° 54.504' E	60° 41.210' N 4° 54.613' E	60° 41.136' N 4° 54.534' E	60° 41.192' N 4° 54.308' E	60° 41.265' N 4° 54.388' E	60° 41.329' N 4° 54.467' E

Lokalitet 11738 Otterholmen er godkjent for forskingsløyva H-R-19 og H-R-20, tilhøyrande Nofima AS, og løyva H-L-19, H-ML-1, H-R-4, H-R-8 og H-R-11, tilhøyrande Blom Fiskeoppdrett AS. Kvart av løyva omfattar ei maksimal tillaten biomasse på 780 tonn. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einiskilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

Løyvet er mellombels, og gjeld frå dags dato til 31.03.2016.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret

(laksetildelingsforskrifta). Dette løyve etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Særskilte vilkår for FoU-løyva H-R-19 og H-R-20

«Følgende særtilkår skal gjelde for tillatelsene:

- *Forsøksbiomassen skal kun anvendes i henhold til prosjektbeskrivelsen i søknaden, dvs. til forsøk som omhandler laksens miljørelaterte biologiske vekstpotensial – redusert produksjonstid og tap i sjø, stabil kvalitet, økt utbytte og bærekraft.*
- *Nofima AS skal ha det faglige ansvaret for forsøkene i akvakulturtillatelsene.*
- *Resultatene fra forsøksvirksomheten skal være allment tilgjengelig. Årlig forsøksrapportering skal utføres på standard skjema (finnes på www.fiskeridir.no) og sendes til Fiskeridirektoratets kyst- og havbruksavdeling innen 15. februar påfølgende år. Det skal videre avgis sluttrapport når prosjektet er fullført.*
- *Innehaver av tillatelsen skal ha full råderett over (eie) fisken i anlegget og inneha det faktiske og merkantile ansvaret for fisken i akvakulturtillatelsene.*
- *All fisk som settes ut i akvakulturtillatelsen skal inngå i godkjente forsøk, og ved avslutningen av forsøk må fisken slaktes/selges.*
- *Vilkår i laksetildelingsforskriften som ligger til grunn for tildeling av akvakulturtillatelsen til forsøks- og forskningsformål må også være oppfylt i driftsfasen.»*

Grunngjeving

Nofima AS søkte 26.08.2014 om samlokalisering av to nye forskingskonsesjonar med Blom fiskeoppdrett AS sine konsesjonar på lokalitet 11738 Otterholmen i Radøy kommune. Lokaliteten er klarert for produksjon av 3600 tonn laks og aure.

Dei to forskingskonsesjonane er ein del av eit storskala forsøk som vert gjennomført i perioden 1. september 2014 til 31. mars 2016. Nofima AS fekk 10.02.2014 tilsegn om 6 nye forskingsløyve frå Fiskeridirektoratet, kor to skal nyttast i Nord-Norge, to i Midt-Norge og to i Sør-Norge. Prosjektet skal undersøke effekten av ulik førsamansetning på vekst og utvikling hos laks gjennom ein produksjonssyklus i 3 ulike geografiske område i Norge. Formålet med forsøket er mellom anna å oppnå auka forståing av kompleksiteten og samspelet mellom miljø-, produksjon-, kvalitet- og helseparameter for ein optimal og bærekraftig produksjon i ulike delar av landet.

Det vert ikkje søkt om endring i produksjon eller areal på lokaliteten, og søknaden er difor ikkje send til verken Kystverket Vest, Fiskeridirektoratet eller Radøy kommune for handsaming.

Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern- og klimaavdelinga har handsamma søknaden 09.09.2014. Dei har ingen merknad til den omsøkte samlokaliseringa, då tiltaket ikkje innber endringar i produksjon på lokaliteten og det ikkje skjer endringar i anleggsstruktur eller plassering. Utsleppsløyve av 12.04.2013 er gjeldande.

Mattilsynet, DK Bergen og omland handsamma søknaden 19.09.2014, og gir i medhald av § 5 i forskrift av 17.06.2008 nr 823 om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zoobutikkar m.m. Nofima AS løyve til samlokalisering av to forskingskonsesjonar på lokalitet Otterholmen. Dei set følgjande vilkår: Driftsplanen for smittehygieniske fellesområde sone 15 Radøy Nord er gjeldande også for Nofima AS.

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som nemnd i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) det er miljømessig forsvarlig;
- b) det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på
1. søkers behov for areal til planlagt akvakultur,
 2. alternativ bruk av området til annen akvakultur,
 3. annen bruk av området, og
 4. verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.
- c) det er gitt tillatelser som kreves etter
1. lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,
 2. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,
 3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.
- d) det ikke er i strid med
1. vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,
 2. vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,
 3. vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

og kome fram til at tiltaket ikkje kjem i konflikt med reglane i forskrifta.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8- 12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta § 30 a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hos sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak, og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet.

Etter ei samla vurdering har Hordaland fylkeskommune gjeve Nofima AS, akvakulturløyve med reg.nr. H-R-19 og H-R-20 løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11738 Otterholmen i Radøy kommune på nærmare vilkår.

Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokaliteten skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneberer at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

Plikter

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdata.no .

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til gransking av, og opplysningar om, anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 09.09.2014, Mattilsynet, DK Bergen og omland 19.09.2014, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin § 27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.


Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:
Blom Fiskeoppdrett AS
Fylkesmannen i Hordaland
Mattilsynet, DK Bergen og Omland
Radøy kommune
Fiskeridirektoratet


H-R-19 og H-R-20 Nofima AS Lokalitet 11738 Otterholmen



Lokalitet 11738 Otterholmen



Målestokk: 1:10 000





(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
(3) Mottakar (namn og adresse) Nofima AS	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følge av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevjegrungjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grungjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grungjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grungjevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga <p>Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	